



Q2 2022

Kvartalsrapport



Innhold

Hovud-/nøkkeltal	s. 4
Rapport frå styret	s. 8
Resultat	s. 15
Balanse	s. 16
Eigenkapitaloppstilling	s. 17
Kontantstraumoppstilling	s. 18
NOTAR	
Note 1 - Rekneskapsprinsipp	s. 21
Note 2 - Segmentinformasjon	s. 22
Note 3 - Utlån til kundar fordelt på sektor og næring	s. 23
Note 4 - Tap på utlån og garantier	s. 24
Note 5 - Kapitaldekning	s. 29
Note 6 - Finansielle eignelutar vurderte til verkeleg verdi	s. 31
Note 7 - Verdipapirgjeld og ansvarleg lån	s. 33
Note 8 - Innskot frå kundar	s. 34
Note 9 - Likviditetsrisiko	s. 35
Note 10 - Eigardelskapital og eigarstruktur	s. 36
Note 11 - Viktige rekneskapestimat og skjønsmessige vurderingar	s. 36
Erklæring frå styret sine medlemmar og adm.direktør	s. 37

Nøkkeltal

47,9 mill. kr

Resultat for perioden

13,1 %

Eigenkapitalavkastning

18,2 %

Rein kjernekapitaldekning

Hovudtal

RESULTAT

(beløp i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital for året)	2. Kvartal 2022		Omarb. 2. Kvartal 2021		1. Halvår 2022		Omarb. 1. Halvår 2021		31.12.2021
	Tusen kroner	%	Tusen kroner	%	Tusen kroner	%	Tusen kroner	%	Tusen kroner
Renteinntekter	74.585		53.676		139.810		106.980		222.135
Rentekostnader	31.945		17.719		59.948		36.304		75.095
Netto renteinntekter	42.640	1,39 %	35.957	1,24 %	79.861	1,31 %	70.676	1,22 %	147.041
Netto renteinntekter inkl. provisjon frå KF									
Provisjonsinntekter	22.248		22.537		42.901		45.809		92.374
Provisjonskostnader	1.395		1.918		2.825		3.175		6.531
Andre driftsinntekter	307		148		699		291		807
Netto provisjons- og andre inntekter	21.160	0,69 %	20.767	0,71 %	40.776	0,67 %	42.925	0,74 %	86.508
Netto provisjons- og andre inntekter eksl. KF									
Utbytte	10.775		5.758		15.338		11.682		13.887
Inntekt av eigarinteresser i felleskontrollerte verksemder	2.461		11.047		3.628		16.071		44.091
Netto verdiendring på finansielle eignelutar	7.194		-4.704		10.590		3.435		5.008
Netto avkastning på finansielle investeringar	20.429	0,67 %	12.101	0,42 %	29.556	0,49 %	31.188	0,54 %	62.968
Sum inntekter	84.229	2,76 %	68.826	2,37 %	150.194	2,47 %	144.789	2,50 %	296.517
Personalkostnader	16.837		16.115		34.541		32.216		69.845
Administrasjonskostnader	11.133		8.520		20.505		17.836		39.861
Avskrivningar varige driftsmidlar	1.483		1.461		2.964		2.923		6.213
Gevinst sal/nedskrivningar varige driftsmidlar	-		-		-		-		-
Andre driftskostnader	5.140		5.205		9.668		9.569		19.743
Sum driftskostnader	34.593	1,13 %	31.300	1,08 %	67.678	1,11 %	62.543	1,08 %	135.661
Resultat før tap	49.637	1,62 %	37.526	1,29 %	82.516	1,36 %	82.246	1,42 %	160.856
Nedskrivning aksjar	-		880		-		632		632
Tap på utlån, garantiar	-11.240		2.730		-890		5.241		9.009
Resultat før skatt	60.876	1,99 %	33.915	1,17 %	83.406	1,37 %	76.373	1,32 %	151.215
Skatteskostnad	12.940		4.300		16.110		12.200		20.383
Resultat for perioden	47.936	1,57 %	29.615	1,02 %	67.296	1,11 %	64.173	1,11 %	130.832

Nøkkeltal

(beløp i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital for året)	2. Kvartal 2022	Omarb. 2. Kvartal 2021	1. Halvår 2022	Omarb. 1. Halvår 2021	31.12.2021
Lønsemd					
Eigenkapitalavkastning etter skatt ¹⁾	13,1 %	8,6 %	9,2 %	9,4 %	9,4 %
Kostnadsprosenten ²⁾	41,1 %	45,5 %	45,1 %	43,2 %	45,8 %
Balansetal (tal i heile millionar kroner)					
Brutto utlån til kundar	10.172	9.403			9.706
Brutto utlån til kundar inkl. KF ³⁾	13.848	13.064			13.383
Innskot frå kundar	9.064	8.188			8.397
Innskotsdekning	89,1 %	87,1 %			86,5 %
Innskotsdekning inkl. KF ³⁾	65,5 %	62,7 %			62,7 %
Utlånsvekst siste 12 mnd.	8,3 %	5,6 %			5,4 %
Utlånsvekst siste 12 mnd. inkl. KF ³⁾	6,0 %	10,6 %			6,3 %
Innskotsvekst siste 12 mnd.	10,7 %	11,9 %			16,4 %
Forvaltningskapital	12.322	11.663			11.921
Forvaltningskapital inkl. KF ³⁾	15.953	15.598			15.598
Gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK) i kvartalet	12.300	11.329			-
Tap og misleghald					
Tapsprosent utlån ⁴⁾	-0,44 %	0,12 %			0,09 %
Tapsprosent utlån inkl. KF ^{3), 4)}	-0,33 %	0,08 %			0,07 %
Soliditet (tal i heile millionar kroner) forholdsmessig					
Rein kjernekapitaldekning	18,2 %	17,2 %			18,8 %
Kjernekapitalsprosent	19,0 %	18,2 %			19,8 %
Kapitaldekning	21,4 %	20,6 %			22,2 %
Rein kjernekapital	1.326	1.196			1.336
Kjernekapital	1.389	1.262			1.403
Ansvarleg kapital	1.560	1.430			1.578
Risikovekta balanse	7.301	6.943			7.098
Uvekta kjernekapital (Leverage Ratio)	8,0 %	7,9 %			8,4 %
Likviditetsdekning (LCR) ⁵⁾	163 %	226 %			163 %
Bemanning					
Tal på årsverk	67	65			63
Eigenkapitalbevis ⁶⁾ (tal i heile tusen kroner)					
Resultat per eigenkapitalbevis	4,70	6,02			12,95
Tal på utferda bevis	1.000	1.000			1.000
Bokført eigenkapital for eigenkapitalbevisegarane	129.984	125.031			137.984
Eigenkapitalbevisbrøk i %	9,80 %	10,24 %			10,28 %

1) Overskot i prosent av gjennomsnittleg eigenkapital (GFK). Hybridkapital er ikkje rekna med og renter på denne er fråtrekt i overskotet.

2) Sum driftskostnader i % av sum inntekter.

3) Kredittføretak (KF) som er nytta er SpareBank 1 Boligkreditt og SpareBank 1 Næringskreditt.

4) Nærare forklart i årsrekneskapen under utrekning av måltal.

5) Likvide aktiva dividert på netto likviditetsutgang i eit 30 dagers alvorleg stressscenario.

6) Tal er for morbank.

7) Netto renteinntekter i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK).



Rapport frå styret

SpareBank 1 Søre Sunnmøre

(tall i parentes gjeld same periode i fjor om ikkje anna er nevnt)

Styra i SpareBank 1 Søre Sunnmøre og SpareBank 1 SMN inngjekk den 20. juni 2022 ein intensjonsavtale om å slå saman dei to bankane. Intensjonsavtalen, som regulerer ei rekke forhold bankane har blitt einige om ved inngangen til forhandlingane, blei einstemmig vedteke i styra til begge bankane. Gjennomføring av ei eventuell samanslåing er mellom anna vilkårsbunden av godkjenning av fusjonsplan i banken si generalforsamling.

SpareBank 1 Søre Sunnmøre selde alle aksjane i det tidlegare heileigde dotterselskapet Eiksundregionen Eigedom AS ved utgangen av 2. kvartal 2021. Rekneskapsføring etter konsern opphøyrde dermed per 30.06.2021 og resultatrekneskapsen syner no kun resultatet i morbanken. Historisk resultat og balanse for morbanken er omarbeida frå historisk kost til eigenkapitalmetoden med omsyn på investering i den felleskontrollerte verksemda Samarbeidende Sparebanker AS (SamSpar). SpareBank 1 Søre Sunnmøre eig 7,53 prosent av SamSpar.

Det var 67 årsverk i SpareBank 1 Søre Sunnmøre per 30.06.2022.

Resultat i andre kvartal

Perioda 01.04.2022 – 30.06.2022

SpareBank 1 Søre Sunnmøre leverte eit resultat etter skatt i kvartalet på 47,9 mill. kr mot 29,6 mill. kr i same periode i fjor.

Netto renteinntekter inkl. provisjon frå kredittføretak utgjør 48,7 mill.kr og aukar med 8,6 prosent frå same periode i 2021. Samanlikna med forrige kvartal aukar netto renteinntekter inkl. provisjon frå kredittføretak med 10,3 prosent. Auken kjem som følgje av vekst i utlånsvolum, og positive effektar frå rentehevingar.

Rentenetto i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital er på 1,39 prosent mot 1,24 prosent i same kvartal i fjor.

Netto provisjonsinntekter ekskl. provisjonar frå Boligkreditt og Næringskreditt aukar 27,2 prosent frå same kvartal i 2021 til 15,1 mill.kr. Det er særleg vekst i inntekter innan forsikring, betalingsformidling og kapitalrådgjeving som bidreg til auken.

Resultatbidrag frå finansielle investeringar er 20,4 mill.kr. Ein auke på 8,3 mill.kr samanlikna med same periode i 2021. Auken kjem som følgje av høgare utbytte frå direkte investeringar og positiv netto verdiendring på finansielle eignelutar mellom anna som følgje av sal av aksjar i ikkje -strategisk eigarpost.

Inntekt frå felleskontrollert verksemd (SamSpar) er redusert med 8,6 mill.kr til 2,5 mill.kr. Det er hovudsakleg lågare resultat frå Fremtind som følgje av negativ verdiutvikling på finansportefølje og høgare skadeprosent på reise- og bilforsikring som bidreg til nedgangen.

Dei totale driftskostnadane er på 34,6 mill.kr og aukar med 3,3 mill.kr mot same periode i 2021. Auka kostnadar er knytt til høgare aktivitetsnivå samanlikna med 2021, auka i IT-relaterte kostnadar og lågare refusjon frå NAV. Kostnadar i prosent av totale inntekter er på 41,1 prosent i andre kvartal 2022 samanlikna med 45,5 prosent i same periode i fjor.

Tap på utlån er det gjort netto tilbakeføring på 11,2 mill. kr som medfører ei resultatforbetring. Dette er i hovudsak engasjement med individuelle tapsavsetningar som har fått vesentleg forbetra framtidsutsiktene.

Avkastninga på eigenkapitalen etter skatt i 2. kvartal 2022 er 13,1 prosent mot 8,6 prosent i tilsvarande periode i fjor.


Resultat per 30.06.2022

Perioda 01.01.2022 – 30.06.2022

SpareBank 1 Søre Sunnmøre hadde eit resultat etter skatt i perioda på 67,3 mill. kr mot 64,2 mill. kr i same periode i 2021. Resultatframgangen kjem frå den underliggende drifta med auka inntekter frå utlån og provisjonar, og lågare tap og nedskrivningar.

Netto rente- og provisjonsinntekter er på totalt 120,6 mill.kr og aukar 6,2 prosent tilsvarande 7,0 mill.kr samanlikna med same periode i 2021.

Resultat etter skatt i mill.kr og avkastning på eigenkapital




Tap og nedskrivningar per 30.6.2022 er på -0,9 mill.kr som medfører ei godskrivning av resultatet. I same periode i 2021 var tap og nedskrivningar på totalt 5,9 mill.kr.

Avkastninga på eigenkapitalen per 30.6.22 vart 9,2 prosent mot 9,4 prosent i same periode i 2021.

Netto renteinntekter, provisjonsinntekter og andre inntekter

Netto renteinntekter inkl. provisjon frå kredittføretak aukar med 5,7 prosent tilsvarende 5,0 mill.kr og utgjør totalt 92,9 mill. kr som følgjer av auka utlånsvolum og positive effektar frå rentehevingar.


Netto renteinntekter inkl. provisjon frå kredittføretak i mill.kr



Totale netto provisjonsinntekter ekskl. provisjon frå kredittføretaka er på 27,8 mill.kr. Justert for feil utbetaling av provisjon til banken i første halvår 2021 på 1,5 mill. kr, er veksten på 3,6 mill.kr samanlikna med same periode i 2021. Dette svarar til ein vekst på 14,7 prosent. Banken leverer vekst i provisjonsinntekter på dei fleste områder inkl. forsikring, sparing og plassering og betalingsformidling.


Netto avkastning på finansielle eignelutar er på 29,6 mill. kr per 30.6.22 mot 31,2 mill. kr i tilsvarende periode i 2021. Nedgangen skuldast lågare resultat frå investering i felleskontrollert verksemd samanlikna med same periode i 2021. Dette er hovudsakleg lågare resultat frå Fremtind som følgjer av verdiutvikling på finansportefølje og auka skadeprosent som følgjer av brann og naturskade. Utbytte frå direkte investeringar aukar 3,7 mill.kr til 15,3 mill.kr. Netto verdiendring på finansielle eignelutar aukar med 7,2 mill.kr til 10,6 mill.kr samanlikna med same periode i 2021.

Inntekter i prosentvis fordeling av totale inntekter



Driftskostnader

Totale driftskostnader i mill.kr og driftskostnader i prosent av totale inntekter



Totale driftskostnader utgjør 67,7 mill. kr. Dei totale driftskostnadene aukar med 5,1 mill.kr, samanlikna med same periode i fjor dreve av høgare personalkostnader og administrasjonskostnader som følgjer av fleire årsverk og høgare aktivitetsnivå.

Kostnader i prosent av totale inntekter for banken utgjør 45,1 prosent per 30.06.2022 mot 43,2 prosent for tilsvarende periode i fjor.

Tap og mislighald

I resultatrekneskaperen er det tilbakeført 0,9 mill. kr noko som medfører ei inntektsføring per 30.6.2022. I tilsvarende periode i 2021 var samla tap og nedskrivningar på 5,9 mill. kr.

Per 30.06.2022 utgjør totale tapsavsetningar på balansen 60,1 mill. kr før tilbakeføring av verkeleg verdi over resultatet. Dette tilsvarar 0,59 prosent av brutto utlån og garantiar. Per 30.06.2021 var tapsavsetningane på 57,3 mill tilsvarende 0,61 prosent av brutto utlån og garantiar.

Balanse

(tal i parantes frå same periode i 2021)

Forvaltningskapital

Forvaltningskapitalen utgjør 12.321,4 mill. kr og er auka med 658,8 mill. kr sidan 30.06.2021. Dette svarar til ein 12 mnd vekst på 5,6 prosent.


Forvaltningskapital inklusiv lån solgt til SpareBank 1 Boligkreditt AS og Næringskreditt AS er på 15.997,0 mill. kr og har auka med 665,3 mill.kr sidan 30.06.2021. Dette svarar til ein 12 mnd vekst på 4,3 prosent.

Utlån

Brutto utlån på eigen balanse er 10.172,2 mill.kr per 30.06.22 (9.395,5 mill. kr). Dette gir ein 12 – måneders vekst på eigen balanse på 776,7 mill.kr tilsvarende ein auke på 8,3 prosent sidan 30.06.21. Veksten inklusive lån solgt til SpareBank 1 Boligkreditt og SpareBank 1

Næringskreditt er på 6,0 prosent og svarar til totale utlån eigd og forvalta av banken på 13.847,6 mill. kr (13.064,4 mill. kr).

Brutto utlån inkl. kredittføretak i mrd.kr og 12 mnd prosentvis vekst




Ved kvartalsskiftet var porteføljene i SpareBank 1 Boligkreditt og SpareBank 1 Næringskreditt høvesvis 3.519,6 mill. kr (3.512,3 mill. kr) og 155,8 mill. kr (156,7 mill. kr).

Totale utlån til privatmarknaden, inkludert utlån solgt til SpareBank 1 Boligkreditt, har auka med 756,4 mill. kr til 11.735,0 mill. kr. Dette gir ein 12 mnd vekst på 6,9 prosent. Totale brutto utlån til bedriftsmarknaden, inkludert lån solgt til SpareBank 1 Næringskreditt, er på 2.112,6 mill. kr. Dette er ein auke på 26,7 mill. kr, og svarar til ein 12 mnd vekst på 1,3 prosent.

Fordelinga av totale engasjement syner at det er god bransjespreiing i bedriftsmarknadsportefølja.

Andelen oljerelaterte engasjement utgjer 11,1 prosent av samla volum av utlån og garantiar innan bedriftsmarknaden. Dette er ein reduksjon på 2,8 prosentpoeng samanlikna med 30.06.21. I prosentdel av totale utlån og garantiar i banken inkludert lån solgt til kredittføretak utgjer oljerelaterte engasjement 1,7 prosent.


Bransjespreiing målt som prosentvis andel av total eksponering i bedriftsmarknadsportefølja



Innskot

Innskot har auka med 876,7 mill. kr siste 12 månader til 9.064,3 mill. kr ved utgangen av 30.06.22. Dette svarar til ein 12 – månaders vekst på 10,7 prosent.

Innskot i mrd.kr og innskotsdekning eigen balanse og inkl. kredittføretak



Innskot frå personkundar er auka med 510,2 mill. kr til 5.500,0 mill. kr, og dette svarar til ein vekst på 10,2 prosent siste 12 månader. Innskot frå næringslivskunder er auka med 366,4 mill. kr til 3.564,4 mill. kr siste 12 månader, noko som svarar til ein auke på 11,5 prosent.

Likviditet

Gjennom første halvår 2022 har kredittspreadane gått relativt kraftig ut både som følgje av auka geopolitisk uro og innstramming av ekspansiv pengepolitikk. Banken opplever likevel god tilgong på funding i marknaden. Gitt den gode likviditetssituasjonen har banken valt å gjere tilbakekjøp av obligasjonar utan å gjere nye utferdingar av obligasjonar. Banken vil likevel vurdere å gjere nye utferdingar for å oppretthalde ein god balanse i forfallsstrukturen på ekstern funding.

Samla nominell verdi av obligasjonsfinansiering utgjer 1.510 mill. kr. Forfallsstrukturen med attståande løpetid er fordelt med 275 mill. kr under 1 år, 835 mill. kr mellom 1 og 3 år, og 400 mill. kr løpetid med over 3 år.

Innskotsdekninga på eigen balanse er på 89,1 prosent per 30.06.2022 (87,1 prosent) og 65,5 prosent (62,7 prosent) inkl. utlån solgt til kredittføretak.

Obligasjonsporteføljen er stabil, og er tilpassa endra likviditetskrav. Banken rapporterer ein LCR på 162,9 prosent per 30.06.2022.

Kapitaldekning

Banken sin soliditet er god. Per 30.06.2022 er rein kjernekapital i morbanken på 18,0 prosent.

Som følgje av at banken har eigarandelar i samarbeidande gruppar utfører banken forholdsmessig konsolidering. Rein kjernekapital forholdsmessig konsolidert

er 18,2 prosent og kjernekapital utgjør 19,0 prosent og kapitaldekninga 21,4 prosent.

Uvekta kjernekapitalandel (LR – leverage ratio) utgjør 8,0 prosent.

Det regulatoriske kravet på rein kjernekapital er etter dette 14,5 prosent, medan forventningane frå Finanstilsynet er 15,75 prosent inklusive Pilar 2 Guidance. Endringa på 0,4 prosentpoeng frå førre periode skuldast at motsyklisk buffer blei auka til 1,5 prosentpoeng med effekt frå 30. juni 2022 i tillegg til at banken sitt nye Pilar II krav medførte ein reduksjon på 0,1 prosentpoeng. Banken har dermed ein god margin på 2,45 prosentpoeng over Finanstilsynet sine forventningar til kapitalnivået.

Norges Bank har i seinare tid gitt Finansdepartement råd om å auke motsyklisk buffer 2,0 prosent med verknad frå 31.12.2022. I tillegg vil systemrisikobuffer bli auka frå dagens nivå på 3,0 prosent til 4,5 prosent med verknad frå 31.12.2022.

Utsiktene framover

Nasjonalt har den økonomiske aktiviteten fortsett med høg veksttakt, men med nokre utfordringar knytt til tilgang på arbeidskraft og innsatsfaktorar.

I arbeidsmarknaden fortsatte nedgangen i arbeidsløysa også i 2. kvartal 2022. Andelen heilt ledige i Møre og Romsdal er på 1,5 prosent ved utgangen av juni 2022. Tala frå NAV syner at arbeidsløysa er høgast i den ytre regionen med ein arbeidsmarknad som er meir konjunktursensitiv. Den indre regionen med Ørsta og Volda har ein andel heilt ledige på ned mot 1,3 prosent av arbeidsstyrken. Det er venta at den positive utviklinga vil fortsette med tilgang på stillingar som har vore på eit høgare nivå enn same periode i fjor.

Det er venta at utviklinga i bustadprisane vil vere positiv også gjennom 2022 mellom anna grunna låg arbeidsløysa og høg etterspørsel etter arbeidskraft som driv opp lønsveksten, men at veksten vil avta med stigande renter.

Banken sine utlån til privatmarknaden har auka 6,9 prosent dei siste 12 månadane. Dette er 2,4 prosentpoeng over den nasjonale kredittveksten. Banken tek dermed marknadsandelar i form av utlånsvolum til hushaldningane. Det er venta at konkurransen om privatkundane vil vere skjerpa også i tida framover.

Auka investeringar i næringslivet er venta å bidra til høgare utlånsvækst mot bedriftsmarknaden. Regionalt nettverk for Norges Bank syner at næringslivet i nord-vest ventar auka investeringar samstundes som ein også ventar høgare prisvekst, kapasitetsproblem og knappheit på arbeidskraft.

Olje- og gassprisar har vore på eit høgt nivå sidan årsskiftet, og krigsutbrotet i Ukraina har medført store prissvingningar med bakgrunn i auka geopolitisk risiko og energiusikkerheit for EU. EU vert med andre ord meir avhenging av leveransar av norsk gass og olje. På norsk sokkel er auke i olje- og gassprisen og midlertidige insentiv gjennom skattelettelsar drivarar på å sette i gong prosjekter før utgangen av 2022. Dette vil kunne krevje meir ressursar og auke etterspørsel etter arbeidskraft og tenester levert av bedrifter i marknadsområdet til banken. Framover er det venta meir investeringar knytt til omstillinga til lågutslepps-samfunnet. Dette ser ein i marknadsområdet mellom anna gjennom kontrahering og bygging av nye fartøy innanfor offshore vindkraft ved lokale verft.

Norges Bank satte den 22. juni opp styringsrenta med 0,5 prosentpoeng til 1,25 prosent. I same møte justerte Norges Bank også opp prognosa for styringsrenta. Det er signalisert at styringsrenta sannsynlegvis vil bli satt opp på august-møtet, med fleire rentehevingar framover. Dei stigande rentene legg mellombels press på utlånsmarginen. Stigande bustadlånsrenter vil på eit tidspunkt mest sannsynleg påverka etterspurnaden etter kreditt og bustadprisane negativt. Dette vil skjerpe konkurransen om eksisterande bustadlånkundar og bidra til å oppretthalde press på utlånsmarginen.

Stigande renter fører også til auka finansieringskostnader for bedrifter som på generelt grunnlag kan medføre ein auke i tap og misleghald i tida framover.

Styret er av den oppfatning av at banken har moderat tapsrisiko knytt til utlån.

Opning av nytt kontor i Stryn og høgare krav innanfor etterleving vil krevje fleire årsverk i tida framover. Auka regulatoriske krav innanfor bankverksemd krev meir ressursar innanfor etterleving. Auka satsing med planlagt opning av bankkontor i nabokommuna Stryn er ei naturleg utvikling etter kommunesamanslåing. Framover er det venta at driftskostnadane i banken vil stige med nye årsverk.

Styra i SpareBank 1 Søre Sunnmøre og SpareBank 1 SMN inngjekk den 20. juni 2022 ein intensjonsavtale om å slå saman dei to bankane. Saman dekkar dei to bankane store delar av Sunnmøre og har ambisjonar om å ta

ein solid posisjon i Fjordane. Ved å slå saman dei to bankane styrkast grunnlaget for lønsam vekst, sterkare spesialist- og kompetansemiljø og auka nærvære i regionen. Det er førebels identifisert eit realistisk potensial på ca. 30 mill.kr i årlege inntekts- og kostnadssynergjar. Etter den foreløpige tidsplanen vert det tatt sikte på at ei eventuell samanslåing kan gjennomførast innan utgangen av første kvartal 2023.

Styret meiner at banken med sin solide kapital- og likviditetsituasjon, den planlagde fusjonen og god vekst siste 12 månadar har eit godt utgangspunkt for å møte konkurransen og regulatoriske endringar i åra som kjem.

Som den lokale sparebanken vil vi vere ein sterk, engasjert og nær støttespelar for kundane våre.

Volda, 11. august 2022


I styret for SpareBank 1 Søre Sunnmøre




Kjell Arvid Storeide
Styreleiar



Ole Reinhart Notø
Nestleiar



Grete Jorun Halkjelsvik
Styremedlem




Arild Hatløy
Styremedlem



Bente Fylken
Styremedlem



Solveig Moe Frøland
Styremedlem



Runar Gretland
Tilsetterepräsentant



Møyfrid Lillenes
Tilsetterepräsentant



Stig Brautaset
Administrerande direktør

Rekneskap

Resultat

(Tal i heile tusen kroner)	Notar	2. kvartal 2022	Omarb. 2. kvartal 2021	1. Halvår 2022	Omarb. 1. Halvår 2021	31.12.2021
Renteinntekter målt til amortisert kost	1	70.996	49.283	132.503	98.013	204.770
Renteinntekter målt til verkeleg verdi	1	3.590	4.394	7.307	8.967	17.365
Rentekostnader		31.945	17.719	59.948	36.304	75.094
Netto renteinntekter		42.640	35.957	79.861	70.676	147.041
Provisjonsinntekter		22.248	22.537	42.901	45.809	92.374
Provisjonskostnader		1.395	1.918	2.825	3.175	6.531
Andre driftsinntekter		307	148	699	291	665
Netto provisjons- og andre inntekter		21.160	20.767	40.776	42.925	86.508
Utbytte		10.775	5.758	15.338	11.682	13.887
Inntekt av eigarinteresser i felleskontrollerte verksemdar		2.461	11.047	3.628	16.071	44.073
Netto verdiendring på finansielle eignelutar		7.194	-4.704	10.590	3.435	5.008
Netto avkastning på finansielle investeringar		20.429	12.101	29.556	31.188	62.968
Sum inntekter		84.229	68.826	150.194	144.789	296.517
Personalkostnader		16.837	16.115	34.541	32.216	69.845
Administrasjonskostnader		11.133	8.520	20.505	17.836	39.861
Avskrivningar av varige driftsmidlar		1.483	1.461	2.964	2.923	6.213
Gevinst sal/nedskrivningar varige driftsmidlar		-	-	-	-	-
Andre driftskostnader		5.140	5.205	9.668	9.569	19.743
Sum driftskostnader		34.593	31.300	67.678	62.543	135.661
Resultat før tap		49.637	37.526	82.516	82.246	160.856
Nedskrivning aksjar		-	880	-	632	632
Tap på utlån, garantiar	4	-11.240	2.730	-890	5.241	9.009
Resultat før skatt		60.876	33.915	83.406	76.373	151.215
Skattekostnad		12.940	4.300	16.110	12.200	20.383
Resultat for perioden		47.936	29.615	67.296	64.173	130.832
Utvida resultatrekneskap						
Resultat for perioden		47.936	29.615	67.296	64.173	130.832
<i>Postar som ikkje kan bli reklassifisert over resultatet</i>						
Netto estimat- og skatteavvik pensjonar		-	-	-	-	-99
<i>Postar som kan bli reklassifisert over resultatet</i>						
Andel utvida resultat i felleskontrollert verksemd		464	-	468	-	324
Endring verkeleg verdi, utlån		-681	-3.148	-155	-3.144	-3.287
Skatteeffekt		170	787	39	786	822
Utvida resultat i perioden		-47	-2.361	352	-2.358	-2.240
Totalresultat for perioden		47.889	27.254	67.648	61.815	128.592

Balanse

(Tal i heile tusen kroner)	Notar	30.06.2022	Omarb. 30.06.2021*	31.12.2021
Eignelutar				
Kontantar og fordringar på sentralbanken		34.198	33.837	35.985
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	6	1.178.860	1.155.681	1.217.527
Netto utlån til kundar	3	10.095.620	9.350.881	9.645.362
Sertifikat og obligasjonar med fast avkastning	6, 7	203.320	342.961	205.046
Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinteresser	6, 7	558.605	532.570	549.381
Investeringar i felleskontrollerte verksemder	6	165.724	152.157	172.576
Utsett skattefordel		1.820	-674	1.782
Varige driftsmidlar		48.402	50.031	50.825
Andre eignelutar		27.844	35.854	34.977
Forskotsbetalte kostnader og opptente inntekter		7.259	9.531	7.958
Sum eignelutar		12.321.653	11.662.830	11.921.420
Gjeld				
Innskot frå og gjeld til kredittinstitusjonar	6	6.242	3.911	5.160
Innskot frå og gjeld til kundar	6, 9	9.064.289	8.187.619	8.397.137
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	7, 9	1.513.295	1.817.522	1.817.258
Anna gjeld	4	50.480	63.153	61.325
Påkomne kostnader og forskotsbetalte inntekter		3.678	4.922	7.663
Avsetning til forpliktingar		9.785	10.530	9.690
Ansvarleg lånekapital	6, 8	150.849	150.586	150.722
Sum gjeld		10.798.618	10.238.244	10.448.954
Eigenkapital				
Eigardelskapital	11	100.000	100.000	100.000
Overkursfond		193	193	193
Utjamningsfond		29.791	24.838	37.791
Sparebankfondet	5	1.174.820	1.076.728	1.174.820
Gåvefond		20.497	17.332	28.479
Kompensasjonsfond		1.482	1.482	1.482
Fond for vurderingsskilnader FKV/TS		81.369	62.338	81.369
Annan eigenkapital		64.884	91.675	-1.667
Hybridkapital	6	50.000	50.000	50.000
Sum eigenkapital	5	1.523.035	1.424.587	1.472.465
Forvaltningskapital		12.321.653	11.662.830	11.921.420

* Balansen per 31.03.2021 er omarbeida etter eigenkapitalmetoden (sjå note 38). Det utarbeidast ikkje konsernrekneskap då investering i gjenverande dotterselskap vurderast som uvesentleg.

Eigenkapitaloppstilling

(Tal i heile tusen kroner)	Eigardels- kapital	Overkurs og kom- pensa- sjonsfond	Spare- bank- fondet	Utjam- nings- fond	Gåve- fond	Fond for vurderings- forskjellar	Hybrid- kapital	Annan eigen- kapital	Kompens- asjons- fond	Sum eigenka- pital
Eigenkapital per 31.12.2020	100.000	193	1.076.728	24.838	25.144	84.887	50.000	5.714	1.482	1.368.987
Disponert Årsresultat	-	-	98.092	12.952	15.000	2.942	1.846	-	-	130.832
Disponert utvida resultat	-	-	-	-	-	-434	-	-2.382	-	-2.815
Renter fondsobligasjonar mot EK	-	-	-	-	-	-	-1.846	-	-	-1.846
Utdeling av gåver	-	-	-	-	-11.666	-	-	-	-	-11.666
Utbetaling av utbytte	-	-	-	-	-	-	-	-5.000	-	-5.000
Andre EK effekter frå SB1 Gruppen	-	-	-	-	-	-2.809	-	-	-	-2.809
Korrigeringsom følge av nedsal i FKV	-	-	-	-	-	-3.218	-	-	-	-3.218
Eigenkapital per 31.12.2021	100.000	193	1.174.820	37.791	28.479	81.369	50.000	-1.667	1.482	1.472.465
Eigenkapital 01.01.2022	100.000	193	1.174.820	37.791	28.479	81.369	50.000	-1.667	1.482	1.472.465
Udisponert resultat	-	-	-	-	-	-	-	67.296	-	67.296
Udisponert utvida resultat	-	-	-	-	-	-	-	352	-	352
Renter fondsobligasjonar mot EK	-	-	-	-	-	-	-	-1.097	-	-1.097
Utdeling av gåver	-	-	-	-	-7.981	-	-	-	-	-7.981
Utbetaling av utbytte	-	-	-	-8.000	-	-	-	-	-	-8.000
Andre EK effekter frå SB1 Gruppen	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Eigenkapital per 30.06.2022	100.000	193	1.174.820	29.791	20.498	81.369	50.000	64.884	1.482	1.523.035

Kontantstrømoppstilling

(Tal i heile tusen kroner)	30.06.2022	31.12.2021
Resultat før skatt	83.406	151.215
Inntekt av eigarinteresser i felleskontrollert verksemd	-3.628	-44.073
+ av- og nedskrivningar	2.964	6.844
+ Tap på utlån/garantiar	(890)	9.009
- Betalbar skatt	-16.980	-24.998
Tilført frå årets verksemd	64.872	97.998
Endring andre fordringar	7.833	-10.691
Endring anna kortsiktig gjeld	-17.955	8.920
Endring utlån	-449.368	-481.678
Endring kredittinstitusjonar	38.667	-746.380
Endring innskot frå kundar	667.152	1.181.335
Endring innskot kredittinstitusjonar	1.082	-174.242
Endring sertifikat og obligasjonar	1.725	140.834
A) Netto kontantstrøm frå operasjonell aktivitet	314.008	16.097
Brutto investeringar i bygningar/driftsmidlar	-541	-2.308
Avgang bygningar/driftsmidlar	-	1.566
Utbetaling ved kjøp av langsiktige investeringar i verdipapir	-146.009	-38.590
Innbetaling ved sal av langsiktige investeringar i verdipapir	138.028	384
Utbytte frå investeringar i felleskontrollert verksemd	10.297	41.131
B) Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitet	1.775	2.183
Kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar*		
Opptak av gjeld gjennom utferding av verdipapir	-	400.000
Tilbakebetaling av utferda verdipapir	-300.000	-400.000
Utbetaling av utbytte og gåver	-15.981	-16.666
Betaling av renter på fondsobligasjon	-1.097	-1.846
Utbetaling av leigeforpliktelse	-493	-1.814
C) Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitet	-317.571	-20.326
A) + B) + C) Netto endringar i likvidar i året	-1.788	-2.046
Likviditetsbeholdning inngåande balanse	35.985	38.032
Likviditetsbeholdning utgåande balanse	34.198	35.985
Endring	-1.788	-2.046

*Endring i Finansieringsaktiviteter

Finansieringsaktiviteter bokført som gjeld	30.06.2022	Emittert 30.06.2022	Løyst inn 30.06.2022	31.12.2021
Verdipapirgjeld				
Sertifikatgjeld, nominell verdi	-	-	-	-
Obligasjonsgjeld, nominell verdi	1.510.000	-	-300.000	1.810.000
Verdijusteringar og påløpne renter	3.295	-	-	7.258
Sum verdipapirgjeld	1.513.295	-	-300.000	1.817.258
Ansvarleg lånekapital				
Ansvarleg lånekapital, nominell verdi	150.000	-	-	150.000
Verdijusteringar og påløpne renter	849	-	-	722
Sum ansvarleg lånekapital	150.849	-	-	150.722
Total finansieringsaktiviteter bokført som gjeld	1.664.144	-	-300.000	1.967.980
Finansieringsaktiviteter bokført som egenkapital				
Hybridkapital	50.000	-	-	50.000
Betalte renter hybridkapital	-	-	-1.097	-
Sum hybridkapital	50.000	-	-1.097	50.000

Notar til rekneskapet

Note 1 – Rekneskapsprinsipp

Kvartalsrekneskapen for SpareBank 1 Søre Sunnmøre omfattar perioden 01.01.2022 - 30.06.2022, og er utarbeidd i samsvar med IFRS, herunder IAS 34 Interim Financial Reporting. Ei skildring av alle rekneskapsprinsippa som har lagt til grunn ved avlegging av kvartalsrekneskapen, framgår av årsrekneskapen for 2021.

I samband med at alle aksjane i Eiksundregionen Eigedom AS vart solgt i andre kvartal 2021 opphøyrer føring av konsernrekneskap. I samband med at plikta til

å føre konsernrekneskap opphøyrde, har morbanken endra rekneskapsprinsipp for eigarandelen i Samarbeidande Sparebanker AS (SamSpar). Eigarandelen i SamSpar rekneskapsførast no etter eigenkapitalmetoden i morbanken sitt rekneskap. Historisk har ein i morbankrekneskapen rekneskapsført eigarandelen i SamSpar til kost, jf. IAS 27 punkt 10. Historiske tal per 30.06.2021 er omarbeida.

Kvartalsrekneskapen er ikkje revidert.

Note 2 – Segmentinformasjon

Leinga har vurdert kva for segment som er rapporterbare med utgangspunkt i distribusjonsform, produkt og kundar. Det primære rapporteringsformatet tek utgangspunkt i risikoen i eignelutane og avkastningsprofil og er delt opp i privatmarknad, inkludert sjølvstendig næringsdrivande, og bedriftsmarknad. Banken sine egne investeringsaktivitetar er ikkje eit separat

rapporterbart segment og kjem fram under posten ufordelt saman med aktivitetar som ikkje let seg allokere til privat- eller bedriftsmarknaden. Banken opererer i eit geografisk avgrensa område og rapportering på geografiske sekundærsegment gir lite tilleggsinformasjon.

30.06.2022

(Tal i heile tusen kroner)

	Person	Bedrift	Anna	Totalt
Resultatrekneskap				
Netto renteinntekter	57.120	23.484	-742	79.861
Netto provisjons- og andre inntekter	30.381	4.879	5.516	40.776
Driftskostnader	-48.894	-13.721	-5.063	-67.678
Netto avkastning på finansielle investeringar	-	-	39.854	39.854
Tap på utlån og garantiar	779	-296	407	890
Gevinst sal/nedskrivningar varige driftsmidlar	-	-	-	-
Resultat før skatt	39.386	14.346	39.972	93.704
Balanse				
Utlån til kundar	8.215.382	1.956.859	-	10.172.242
Tap på utlån	-14.330	-41.661	-	-55.991
Andre eignelutar	-	-	2.205.402	2.205.402
Sum eignelutar per segment	8.201.052	1.915.198	2.205.402	12.321.653
Innskot frå og gjeld til kundar	5.658.601	3.405.688	-	9.064.289
Anna gjeld og eigenkapital	-	-	3.257.364	3.257.364
Sum eigenkapital og gjeld per segment	5.658.601	3.405.688	3.257.364	12.321.653

30.06.2021

(Tal i heile tusen kroner)

	Person	Bedrift	Anna	Totalt
Resultatrekneskap				
Netto renteinntekter	49.563	21.758	-644	70.676
Netto provisjons- og andre inntekter	32.583	5.628	4.715	42.925
Driftskostnader	-44.652	-13.285	-4.607	-62.543
Netto avkastning på finansielle investeringar	-	-	72.319	72.319
Tap på utlån og garantiar	7.493	-7.336	-6.029	-5.872
Resultat før skatt	44.986	6.765	65.754	117.504
Balanse				
Utlån til kundar	7.278.864	1.925.639	-	9.204.503
Avsetning for tap	-14.360	-37.484	-	-51.845
Andre eignelutar	-	-	2.510.172	2.510.172
Sum eignelutar per segment	7.264.504	1.888.155	2.510.172	11.662.830
Innskot frå og gjeld til kundar	4.592.587	2.623.215	-	7.215.802
Anna gjeld og eigenkapital	-	-	4.447.028	4.447.028
Sum eigenkapital og gjeld per segment	4.592.587	2.623.215	4.447.028	11.662.830

Note 3 – Utlån til kundar fordelt på sektor og næring

Brutto utlån fordelt på risikogruppe	30.06.2022	30.06.2021	31.12.2021
Svært låg risiko	4.519.825	3.422.044	3.904.850
Låg risiko	3.063.842	3.190.315	3.109.220
Middels risiko	1.987.872	2.358.882	2.014.800
Høg risiko	189.773	133.416	363.204
Svært høg risiko	156.557	103.747	153.092
